

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr. 36

Herad: Kyrkjebø

Emne: *Måter å røysne på*

Bygdelag: Berge og Kyrkjebøstronda

Oppskr. av: Anders H. Berge 83 år.

Gard:

(adresse): Nordeide.

G.nr. Br.nr.

Ja delvis og etter andre folk

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Tilleksliste .

## SVAR

1. A. Ja, det har av og til vore løje å sitt på naboen korleis han hanterer arbeidsplanen for dagen. Ein kan aldri gjera godt arbeid med den fart han tek seg til og slike blir aldri noko framsteg for t. d. gardsbruk eller annat arbeid som dei tek seg føre på garden. Slike folk vert gåande som utskot for sine naboer. Ringer eller spiraler i gresset kjenner me ikkje til men holmer i åkeren kjenner me til. Disse var dovning~~er~~er å det kunde av og til verta morro når dei vart sinte for å vera komen på ein holme, og det trefte av og til, at dei rømde av åkeren. Mannen som dei då var ihjå fekk ein slik mann aldri i arbeid att.
2. Me hugsar godt til at det var folk som kom seg ut på reis. Helst då dei for å skramla etter ei gjenta dei hadde fått godt for. Disse mannfolka likte seg ikkje i slike helger. Det var ikkje berre Sjirtorsdag og Langfredag men andre dagar og.
3. Ja her var i mine ungdagar morro med skøy til jul. Men dei som vart ute for slike skøyer vart som regel sinna og gjømde seg bort ei tid. Det vart av vedkomande oppteke som forfylgjing. Det var uppsette båter i for utgangen der gjenta og guten heldt til. Elles vart ofte senga til vedkomande teken ut og oppsett på 4

stolper med ein mann i mitten av senga .Eg hugser at drengen til far mistet sengen sin . Gutet dei skulde pretta vart så sinna at han nekta å taka senga innatt og guterne som utførde arbeidet med senga måtte gå å taka senga nedatt å bara ho på plass der ho hadde stade før. Me kjenner godt juleskåka . I dette hundre året er alt slikt bortteke . Syner ungdomen slik fram vert det oppteke som æresbevisning mot vedk.

B.  
 B. Utnemne på folk vart ofte misbruka og vedk som fekk utnemne brydde seg ikkje stort om det. Tok nokon til å verta sinna for utnamnet vart han ute for det å få eit tilleggs namn verre enn det fyrste.

4. Namnet var ~~sørga~~. Han vart narra for å få eit slikt namn til .

5. Dei vart side ned på som eit mindre gagl<sup>n</sup>igt meneske.

6. Slike økenamn vert ikkje brukte no og vert det bnkt nå er ein heilt på det reine med at han sjølv er eit narr, som ikkje duger til noko.

Anders H. Berge